

<b>Kva:</b>	Møte nr. 06 i Skikrinsstyret 2023-2025
<b>Tidspunkt:</b>	Måndag 4. desember 2023, kl. 21:00-22:00
<b>Stad:</b>	Digitalt via Microsoft Teams
<b>Sakliste:</b>	REFRATSAKER SAK 45 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste SAK 46 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 5 23-25 Skikrinsstyret  DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER <i>SAK 47 23-25 Fordeling post 3-midler</i> <i>SAK 48 23-25 Kandidatar til Vestland idrettskrets 2024-2026</i> <i>SAK 49 23-25 Klubbundersøkinga</i>  EVENTUELT
<b>Til stades:</b>	Jorunn Åsfrid Røyrvik, Tonje Norheim Tangerud, Anders Engeland, Hilde Katrine Engeli, Tor Arne Hov, Roger Ellingsund, Jon Ove Lomheim, og Kennet Dvergedal (adm.)
<b>Forfall:</b>	
<b>Referent:</b>	Kennet Dvergedal

## REFERATSAKER

### SAK 45 23-25

#### Godkjenning av innkalling og sakliste

##### Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

##### VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

### SAK 46 23-25

#### Godkjenning av protokoll nr. 05 23-25 Skikrinsstyret

##### Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 05 23-25 er sendt ut tidlegare, og godkjent elektronisk. Protokollen er også vedlagt.

##### VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 05 23-25, med merknad til *SAK 40 Budsjett 2024*. Saker til oppfølging vert lagt til i neste møte i skikrinsstyret.



## DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

**SAK 47 23-25**      **Fordeling post 3-midler**  
**Bakgrunn**  
Saka blir presentert i møtet.

### VEDTAK

Skikrinsstyret drøfta saka i møtet, styreleiar tek med seg innspel til møte med kretsleiarar.

**SAK 48 23-25**      **Kandidatar til Vestland idrettskrets 2024-2026**  
**Bakgrunn**

I høve Vestland Idrettskrets sitt kretsting i 2024 har Skikrinsen fått følgjande forespørsel:

*«Til idrettslag, idrettsråd og særkretsar/regionar,  
Vestland idrettskrets held sitt Idrettskretsting laurdag 13. april 2024. Valnemnda i Vestland idrettskrets treng framlegg til kandidatar til styret i Vestland idrettskrets for perioden 2024 til 2026.*

*Valnemnda ber om framlegg til kandidatar innan 14.januar 2024.*

*Personar som blir føreslått til valnemnda må ha sagt seg villig før dei blir føreslått.»*

### VEDTAK

Skikrinsstyret drøfta kandidatar og gjer vedtak om at styreleiar tek kontakt med aktuelle personar om dei kan tenkje seg bli føreslått.

**SAK 49 23-25**      **Klubbundersøkinga**  
**Bakgrunn**

Klubbundersøkinga 2023 vart utarbeida til frå NSF rekrutteringsavdelinga, og sendt ut til klubbar i Sogn og Fjordane Skikrins frå krinskontoret per e-post 29. september. Svarfrist var 15. oktober 2023

Resultat frå klubbundersøkinga for Sogn og Fjordane Skikrins er sendt til skikrinsstyret tidlegare. Resultat er også lagt ved som eige vedlegg.

NSF rekrutteringsavdelinga har lagt opp til følgjande prosess:

1. *Adm.sjef deler undersøkelsen (se link i e-posten under) med egen kretsleder og legger til rette for/støtter opp om behandling i kretsstyret (om det er ønskelig)*



2. Adm.sjef og kretsens skiklubbutvikler drøfter funn og læring seg i mellom
3. Omforente innspill etter kretsen behandling (politisk + administrativt) sendes undertegnede innen torsdag 14. desember, hvor følgende spørsmål besvares kort:
  - Hva fungerer bra?
  - Hvor er det et forbedringspotensialet?
  - Andre viktige funn/læringspunkter

## VEDTAK

Skikrinsstyret tek klubbundersøkinga til orientering. Vidare gjer skikrinsstyret vedtak om at styreleiar og adm. utarbeidar dokument med tilbakemeldingar frå styremøtet.

## EVENTUELT

**Neste møte i skikrinsstyret:** måndag 8. januar kl. 20:00 (digitalt)

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Jorunn Åsfrid Røyrvik (s)  
Leiar

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef